
Saksnr: 2026/3427-3
Saksbehandlar: Bjørnar Tjoflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		14.04.2026
Fylkesutvalet		28.04.2026

Høyring av søknad om regulering av Halvfjerdingsvatnet og endra slukeevne i Ekkjestølen kraftverk i Ullensvang kommune**Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune er positive til det omsøkte tiltaket, føresett at Rogaland fylkeskommune vurderer tiltaket som gjennomførbart innanfor krava i vassforskrifta. Dersom Rogaland fylkeskommune kjem til at tiltaket ikkje kan gjennomførast på grunn av vurderingar etter vassforskrifta, legg Vestland fylkeskommune denne vurderinga til grunn.
2. Undersøkingsplikta etter kulturminnelova § 9 skal vere oppfylt før oppstart av anleggsarbeid. Detaljerte teikningar som viser arealbruken i tiltaksområdet skal oversendast Vestland fylkeskommune når desse ligg føre.

Samandrag

NVE har fått ein søknad frå Småkraft AS om løyve etter vassdragsreguleringslova til å regulere Halvfjerdingsvatnet, og om å endre minste og største slukeevne i Ekkjestølen kraftverk. NVE har sendt denne søknaden på høyring til m.a. Vestland fylkeskommune. Dette saksframlegget og vedtaket i saka sendast til NVE som høyringsinnspel i saka.

Robert Rastad
fylkesdirektørBård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

NVE har mottatt søknad frå Småkraft AS, datert 05.10.2021, om løyve til å regulere Halvfjerdingsvatnet og endre minste og største slukeevne i Ekkjestølen kraftverk. Søknaden er sendt på høyring til mellom anna Vestland fylkeskommune. Tiltaket ligg i Ullensvang kommune i Vestland fylke.

Søknaden omfattar regulering av Halvfjerdingsvatnet med eit reguleringsspann på 3 meter, mellom høgaste regulerte vasstand (HRV) på kote 904,0 og lågaste regulerte vasstand (LRV) på kote 901,0. Normalvasstand er oppgitt til kote 902,0 moh. Det er planlagt etablering av ein dam i utløpet av vatnet, med ein storleik på om lag 25 x 3 meter. Det er vidare føreslått ei minstevassføring forbi dammen på 75 l/s i perioden 01.06-31.08. For tilkomst til dammen er det planlagt ein ny vegstubb på om lag 50-80 meter frå fylkesveg 520.



Figur 1: Bilete frå Halvfjerdingsvatnet. Kjelde: konsesjonssøknad/Sweco

Vidare er det søkt om endringar i drifta av Ekkjestølen kraftverk, med reduksjon av minste slukeevne frå 150 l/s til 35 l/s og auke av største slukeevne frå 980 l/s til 1100 l/s. Endringane er grunngjevne med ønskje om betre utnytting av restkapasitet i eksisterande elektromekanisk utstyr. Tiltaket er samla sett venta å gi ein auke i kraftproduksjonen på om lag 2,8 GWh per år.

Ekkjestølen kraftverk vart sett i drift i 2009 og omfattar ein om lag 20 meter lang betong gravitasjonsdam i Ekkjeåna, nedgrave rørgate på 1,84 km fram til kraftstasjonen og tilhøyrande tekniske installasjonar. Kraftverket har ei brutto fallhøgde på 461 meter, Pelton-turbin med maksimal slukeevne på 0,98 m³/s og ein årleg produksjon på om lag 14,5 GWh. Det er krav om minstevassføring på 100 l/s i sommarhalvåret. Delfeltet Lammabekken er overført til Ekkjeskartjørna. Langs sørsida av Halvfjerdingsvatnet går fylkesveg 520, og det er elles ikkje registrert annan infrastruktur eller busetnad i direkte tilknytning til vatnet.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse saka jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for fylkesutvalet kap. 7. Høyringsuttale

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i saka.

Vurderingar og verknader

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Tiltaket har ikkje direkte administrative eller økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune. Det blir gjennomført og finansiert av Småkraft AS, og krev ikkje ressursbruk eller investeringar frå fylkeskommunen si side. Fylkeskommunen si rolle er avgrensa til plan- og høyringshandsaming.

Kulturminne og kulturmiljø:

Vi har per no ikkje opplysningar om automatisk freda kulturminne, eller andre kulturminne med høg verneverdi i tiltaksområdet. Basert på topografien i området, samt kjende fangstgroper i området, vurderer vi at det kan vere potensiale for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne. Dette kan til dømes vere anlegg knytte til reinfangst eller annan bruk av ressursar i fjellområde. På denne bakgrunnen vil det vere behov for arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta etter kulturminnelova i tiltaksområdet før anleggsstart. Vi ber om at meir detaljerte teikningar som viser arealbruken blir oversendt når slike ligg føre. For ordens skuld gjer vi merksam på at dersom ei eventuell arkeologisk registrering påviser funn av automatisk freda kulturminne, kan det bli nødvendig å justere tiltaket eller å søkje dispensasjon frå kulturminnelova § 8 første ledd for løyve til inngrep i kulturminne.

Klima:

Regionale klimamål og retningslinjer er fastsette i Regional plan for klima 2022-2035. Det omsøkte tiltaket bidreg til auka produksjon av fornybar energi gjennom betre utnytting av eksisterande kraftverk, og vil slik kunne støtte målet om redusert bruk av fossile energikjelder. Tiltaket inneber avgrensa nye arealinngrep og endrar i hovudsak eksisterande infrastruktur, noko som tilseier avgrensa påverknad på natur og arealbruk. Ei regulering av vassressursane kan samstundes gi noko betre evne til å handtere variasjonar i tilsig som følgje av klimaendringar.

Friluftsliv og folkehelse:

Tiltaket kan påverke friluftslivsbruken i området og dermed enkelte aspekt ved folkehelse, særleg knytt til fysisk aktivitet og naturoppleving. I anleggsperioden vil auka støy, trafikk og anleggsaktivitet kunne gi redusert ferdsel og lågare opplevingskvalitet for brukarar av området. Eksisterande tursti må flyttast der ho kryssar utløpselva, og det må leggjast til rette for alternativ framkomst og skilting slik at ferdsel kan oppretthaldast i størst mogleg grad under anleggsarbeidet.

Forstyrningar for jakt- og fiskeinteresser vert vurderte som i hovudsak mellombelse, sjølv om fisket i Halvfjerdingsvatnet kan bli meir varig påverka ved bortfall av gyteområde i utløpet. Området er frå før prega av fleire inngrep, og det er difor ikkje venta vesentlege eller langvarige negative verknader for folkehelsa samla sett. Påverknaden vurderast som avgrensa, men bør takast omsyn til i planlegging og gjennomføring av tiltaket.

Infrastruktur og veg:

Ved løyver gitt til Ekkjestølen kraftverk vil Vestland fylkeskommune som eigar og forvaltar av fylkesveg 520 vere ein part i diskusjonar med omsyn til alt som påverkar fylkesvegen. Dette gjeld særskilt dispensasjon frå byggegrense, graveløyver, arbeidsvarsling og etablering eller utvida bruk av avkøyrsler.

Vassmiljø:

Halvfjerdingsvatnet er i dag klassifisert med moderat økologisk tilstand, med miljømål om å oppnå god økologisk tilstand, jf. opplysningar i Vann-nett. Vatnet har ein tynn, men sjølvrekrutterande bestand av aure. Fiskeribiologiske undersøkingar frå 2016 viser at utløpselva frå vatnet er det viktigaste og truleg einaste funksjonelle gyteområdet for aurebestanden. Det finst fleire mindre tilløpsbekkar, men desse vert vurderte som lite eigna for gyting.

Etablering av dam i utløpet av Halvfjerdingsvatnet vil medføre tap av sentralt gyteareal for aure, og dermed svekking av føresetnadene for vidare rekruttering i bestanden. Tiltaket vil føre til varige endringar i hydromorfologi og leveområde for fisk, og det er difor grunn til å vurdere at tiltaket kan medføre forverring av økologisk tilstand, jf. § 12 i vassforskrifta, gjennom negativ påverknad på fisk og andre biologiske kvalitetselement.

På bakgrunn av dette framstår tiltaket som ikkje i samsvar med målet om god økologisk tilstand slik det er fastsett i regional plan for vassforvaltning. Halvfjerdingsvatnet ligg i Rogaland vassområde, og oppfølging av miljømåla ligg såleis utanfor Vestland fylkeskommune sitt formelle ansvarsområde. Likevel er den moglege negative påverknaden på vassmiljøet ein vesentleg fagleg faktor som bør påpeikast i høyringa.

Det er vidare merkt at søknaden legg til grunn at Halvfjerdingsvatnet har god økologisk tilstand. Faktaarket i Vann-nett er nyleg oppdatert og viser no moderat tilstand. Det er mogleg at vurderinga i søknaden var korrekt på søknadstidspunktet, men dagens tilgjengelege data støttar ikkje denne konklusjonen.

Villrein:

Tiltaket kan ha ein viss negativ påverknad på villrein i anleggsperioden, særleg som følgje av auka aktivitet, støy og ferdsel i området. Når anleggsarbeidet er avslutta, er det lite som tilseier at tiltaket vil føre til varige endringar i leveområde eller trekkmonster for villrein, og påverknaden vert difor vurdert som avgrensa på lang sikt.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi:

Tiltaket bidreg til lokal verdiskaping gjennom auka utnytting av fornybare vassressursar og styrker energiproduksjonen i fylket. Sjølv om kraftverket er avgrensa i omfang, gir tiltaket eit positivt bidrag til det grøne skiftet og energisikkerheita, og er i tråd med ei berekraftig utvikling basert på eksisterande naturressursar.

Tiltaket har avgrensa direkte verknad for demografi, inkludering og sosial utvikling. Det ligg innanfor Rogaland vassområde, og vurderingar knytt til vassforvalting og måloppnåing etter vassforskrifta er difor ikkje medrekna i denne vurderinga. Forankring i kommunale og regionale planar vert likevel vurdert som viktig for heilskapleg samfunnsutvikling.

Konklusjon

Tiltaket har ikkje direkte administrative eller økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune og kan bidra positivt til auka produksjon av fornybar energi i tråd med regionale klimamål og lokal verdiskaping. Samstundes er det identifisert faglege omsyn knytte til kulturminne, friluftsliv, vassmiljø og påverknad i anleggsperioden som må følgjast opp vidare. Vurderingar etter vassforskrifta og måloppnåing for vassmiljøet ligg til Rogaland vassområde, men potensiell negativ påverknad på økologisk tilstand er ein viktig premiss som bør løftast fram i høyringa.